



Inspeksjonsrapport

Inspeksjonsdato: 08.05.2006

Saksnummer: **03/5106/472**

Informasjon om verksemda

Namn: Franzefoss Gjenvinning AS, avd. Hareid	Organisasjonsnr.: 975265412
Adresse: 6060 Hareid	Telefon/e-post:
Besøksadresse:	Anleggsnr.:
Kommune/kommunenr.: Hareid	Bransjenr. (NACE-kode):

Til stades under kontrollen

Frå verksemda: Jarle Sørheim	Frå Fylkesmannen Bjarne Otnes
--	---

Innhald i rapporten

Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Følgjande hovudtema vart kontrollert:

Drifta av mottaket, handtering av farleg avfall, blant anna lagring, deklarerering, vidarelevering.

Resultat av kontrollen

Fylkesmannen avdekte totalt 1 funn, av desse _____ avvik* og 1 merknader*. Funna er omtalt i vedlegget til rapporten.

* Definisjon av avvik og merknader er gjeve på neste side.

Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding på merknader som framgår i vedlegg. Pålegget er heimla i forureiningslova § 49.

Frist for skriftleg tilbakemelding: 12.06.2006

Dersom fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Eventuelt vedtak om tvangsmulkt vil bli førehandsvarsla.

Molde

18.05.2006

Stad:

Dato:

Fylkesmannen
(etter fullmakt)

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga; t.d. brot på krav i forureiningslova, forskrifter heimla i forureiningslova eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

Merknad: eit tilhøve som tilsynsetatane finn nødvendig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Handtering av farleg avfall

Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlege kjemikal. Det kan ikkje handterast saman med anna avfall, fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske og dyr.

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og §11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarerering (§11-12) og tilsyn (§11-15).

Kommunale mottaksanlegg og private mottak/mellomlager for farleg avfall er anten regulert gjennom eige løyve frå Fylkesmannen eller gjennom vedlegg 2 til kapittel 11 i avfallsforskrifta (standardiserte krav).

Kontrollen har fokus på enkelte utvalde avfallstypar som kan innehalde prioriterte miljøgifter:

- PCB i m.a. bygningsmaterial som isolerglas, mørtel og fuger
- Krom/ arsen- og kreosotimpregnert trevyrke
- Bromerte flammehemmarar (BFH) i m.a. isolasjonsmaterial som EPS (isopor og liknande plast), XPS (byggeskum) og cellegummi (rørisolasjon). BFH finst og i EE- avfall.

Impregnert trevyrke er ikkje merkt. Avfallsmottak må difor spørje etter informasjon om trevyrket slik at krom/arsen- og kreosotimpregnert trevyrke blir handtert åtskilt frå anna trevyrke.

Det same gjeld for isolerglasruter, kondensatorar eller lysarmatur som inneheld **PCB**.

Isolasjonsmaterial med **bromerte flammehemmarar** er ein ny type farleg avfall (2004) som mottaka bør vere merksame på. Denne avfallstypen kan leverast saman med anna bygnings- og rivingsmaterial. Cellegummi er ein type isolasjonsmaterial som lett kan sorterast ut som ein eigen fraksjon.

EE- avfall er ikkje farleg avfall før det blir behandla i eigne mottaks- og behandlingsanlegg der dei ulike komponentane med helse- og miljøskadelege stoff blir tekne ut.

Vedlegg til inspeksjonsrapport 03/5106/472**Avvik/merknader etter kontroll ved Franzefoss Gjenvinning AS, avd. Hareid den 08.05.2006****Merknad 1:**

Omemballering av spillolje o.a. bør skje under tak og med oppsamling. Sjå vedlagte bilde. Oljeavskiller bør ikkje vere ordinær sikkerheitsinnretning for oppsamling av søl fra denne aktiviteten.

Flater som drenerer til oljeavskiller bør vere skjerma mot nedbør.

Franzefoss Gjenvinning AS, avd. Hareid må sette opp ei oversikt som viser i kva grad oljeutskilleren har tilstrekkeleg kapasitet til å ta hand om alle tilførsler av vatn frå nedbør og "produksjonsvatn" med oljerestar. Frist for tilbakemeldinga blir sett til 12.06.2006.
